

Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 3. desember 2014 15:35
Til: 'bsthorsen@hotmail.no'; 'tor.stensaker@jm.no'
Kopi: Per Atle Sæle
Emne: Vedrørende oppmålingsforretning med grensejustering mellom 23/530og 23/407
Vedlegg: Kartskisse grensjustering 23_530 og 407 dat 18112014.pdf

Hei

Syner til forretningsmøtet på eiedommen i dag tidleg.

Dessverre var eg ikkje godt nok førebudd til denne forretninga då eg møtte i sjukdomsfråveret til Per Atle Sæle og må berre seie meg lei for dette.

Per Atle er den som kjenner saka og hadde førebudd den og kalla inn. Eg fekk veta at det var laga eit nytt kart etter det som låg ved innkallinga og tok då fram eit kart datert 14.11.2014 og trudde det var det som gjaldt.

Då de som partar syntes å vera heilt samde om dette og ingen var særleg lystne på å gå rundt på grensa i regnet i dag, oppdaga eg ikkje før eg kom innatt at eg hadde lagt fram feil kart.

Etter innmåling av muren som er bygd synte det seg at det ikkje var tatt så mykje av eiedommen 23/407 som først antatt. Då det er naturleg at den nye grensa føl denne nye muren så vert ikkje arealet som går ifrå 23/407 større enn 27,7 m². Dersom ein strekker ei rett linje frå det siste punktet på muren og mot eksisterande grensepunkt 403A, vert arealet som vert lagt til 23/407 29,1 m².

Den rette skissa som skulle vore lagt fram i dag er vedlagt denne e-posten.

Vonar at de kan godkjenne justeringa slik den kjem fram i vedlagt kartskisse og at denne kan danna grunnlaget for protokoll for oppmålingsforretninga som de skal få tilsendt for signatur.

Signaturen i protokollen vil vera bindande for gjennomføringa av grensejusteringa.

Ser gjerne at de gjev snarleg tilbakemelding dersom dette er ok, men dersom de har motforestillingar til dette ber ein om tilbakemelding på dette innan 2 veker.

Med venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

[Sjå brosjyren vår](#)